


FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅRDALSELVA

Fangststatistikk

Fangststatistikken for laks i Årdalselva kan delast i to epokar. Snittfangst per år i perioden 1977-1990 var 60 laks, medan snittet for åra 1991-2012 var 504 laks per år (**figur 1**, stolpar). Etter tre år med heller dårlege fangstar i 2008-2010, auka fangstane att, og i 2012 vart det fanga 1144 laks, det klart beste resultatet for Årdalselva.


Sjøaurefangstane har gått nedover sidan tidleg på 1990-talet. Frå 2010 har sjøauren vore freda, og alle sjøaure har vorte sett ut att. Utviklinga av både laks- og sjøaurefangstane dei siste 10 åra er mykje den same i som i resten av fylket, og viser at situasjonen ikkje er særigein for Årdalselva (**figur 1**, linjer). Dei tre siste åra har ein del av laksane vorte sett ut att i elva, i 2011 og 2012 har det utgjort ca. 27 % av fangsten.



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Årdalselva i perioden 1979-2012 (søyler). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland utanom Årdalselva. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk. Sjøauren har vore freda sidan 2010.

Analysar av skjelmateriale

Me har motteke gode skjelmateriale frå Årdalselva dei fire siste åra, i 2012 mottok me prøvar av 318 laks (**figur 2**, stolpar). Mellom laksane var det 3 rømte oppdrettslaks (0,9 %), og andelen er den klart lågaste av dei tre siste åra (**figur 2**, linje). Av dei 315 villaksane i materialet var 309 naturleg rekruttert, 6 var utsett frå klekkeri. Smoltlengd var i snitt 13 cm for dei naturleg rekrutterte laksane.



FIGUR 2. Antal skjelprøvar frå Årdalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (%), linje).

Etter at laksen som gjekk ut or elvane på Vestlandet i 2004 hadde god overleving og vekst, har det vore dårlegare overleving og vekst for dei siste smoltårgangane. I mange elvar viser det seg at ein del av smålaksen (<3 kg) er to-sjøvinterlaks, som normalt skal vera mellomlaks (3-7 kg), og ein del mellomlaks er 3-sjøvinterlaks (normalt >7 kg).

NB! Hugs å notera på skjelkonvolutten om fisken er feittfinneklippt

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS
Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tel.: 55 31 02 78 - Fax.: 55 31 62 78
E-post: post@radgivende-biologer.no
www.radgivende-biologer.no